

### Vedlegg til søknad om landbruksveg, Fosse GBNR 325/17

Viser til samtale med sakshandsamar Svein Arne Vågane 26.05.2023. Det vert etterspurt fleire opplysningar til søknaden om etablering av landbruksveg på GBNR 325/17:

1. Antal m<sup>3</sup> hogstmoden skog som skal takast ut
2. Lengde på ny landbruksveg, kostnad på vegen
3. Volum for masser som skal kjørast til for å etablere vegen og utstrekninga på dette.

Det vert også opplyst om at det kan bli aktuelt å utbetre eksisterande kryss inn til eigedommen. Det vert bede om å vise korleis ein tenker ei utviding av krysset for å sikre ei god avkjøring for landbruksvegen.

Vill Plan har nytta arealkalkulatoren til Landbruksdirektoratet ved utarbeiding av søknaden slik det vert vist til i rettleiinga til søknadsskjemaet.

#### Tiltakshavar gjev desse tilleggsopplysningane:

1. Hogstmoden skog som skal takast ut via den omsøkte landbruksvegen:

Antall trær	376 trær, 90 av disse er på nabotomt
Snitt stammediameter pr. tre	35 cm
Snitt trehøyde	15 m

Snitt volum pr. tre	$(\pi * 0,175^2) * 15 = 1,44 m^3 = 1\ 440 L$
Samlet volum	$1,44 * 376 = 541 m^3 = 541\ 000 L$
Volum på nabotomt	$1,44 * 90 = 129 m^3 = 129\ 000 L$
Samlet volum fratrukket trær på nabotomt	$541 - 129 = 412 m^3 = 412\ 000 L$

Utrekninga tek høgde for at delar av nabotomt i sør (GBNR 324/5) også må nytte denne landbruksvegen for å kunne ta ut tømmer, då det er vanskeleg å få tilgjenge frå andre stader.

Samla tal volum som kan fraktast ut ved å nytte å nytte vegen er 541m<sup>3</sup>. Dersom ein kun tek høgde for tiltakshavar sitt areal vil dette ha ein storleik på 412 m<sup>3</sup>.

2. Lengde på ny landbruksveg:

Haugen VVA har gjort ei førebels alternativvurdering av etablering av veg inn i området. Dette med tanke på ei framtidig utvikling og uttak av skog. Landbruksvegens lengde vil vere mellom 350-400 meter alt etter kva for alternativ ein velger. Det er lagt til grunn at ein vel å følgje tidlegare traktor/kjerreveg-trasé på eigedommen som er tilnærma likt alternativ 1 i Haugen VVA sitt notat. Denne traseen er ca 350 meter frå eksisterande

tilkomst ved kryss Fosse. Det er lagt til grunn at ein etablerer vegen ved oppfylling med massar og unngå skjæring/sprenging så langt det er råd.

### 3. Behov for massar


For landbruksvegen vil det vere behov for å ha ei vegbreidd på om lag 3,0 meter for dei 350 meterane med veg som er omsøkt. Det vil grovt rekna vere behov for å tilføre om lag 1000 m<sup>3</sup> masse under føresetnad om at vegen skal etablerast på fylling. Ved mellomlagring av massane inne på eigedomen vil ein setje av eit område på 25x25 m med ei høgd på 1-1,5 meter. Sjå kartvedlegg for utstrekning og plassering av mellomlager.

Kostnad for etablering av vegen vil bli om lag 250 000,- (estimert løpeterkostnad på 750,-)

Når det gjeld utbetring av eksisterande kryss vil dette kunne gjerast ved å gå noko inn på eigedomen vest for eksisterande kryss, 325/138. Eigedomen har same grunneigar som 325/17. Det er opplyst frå sakshandsamar at det kan bli sett vilkår om å sikre ei godkjent kryssløysing gjennom kommunen si vegavdeling før uttak av tømmer kan skje. Ein legg opp til å etablere vegen etter vegklasse 7, traktorveg. Her er det sett krav om 10 m minste svingradius i horisontalkurvar. Ein legg opp til at dette er dimensjonerande i kryss mot vegen Fosse.



Figur 1 Biletet syner kryss mellom eksisterande tilkomst til eigedommen 325/17 og vegen Fosse. Evt utviding av eksisterande kryss for å kunne hente ut tømmer vil skje mot vest, til venstre for personbilen i bildet.



Figur 2: Kartvedlegg som viser plassering og utstrekning for mellomlagring av massar. Kartet er nedskalert. Bruk avstandslinialen ved kontroll av mål.